



Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2819 - 17/22061

Saksbehandlar:
Per Atle Sæle
per.atle.sale@meland.kommune.no

03.11.2017

Retting av feil i matrikkelkartet for 51/1, 51/9, 51/62 og 51/156

I samband med oppmålingsforretning på naboeigedom gnr 51 bnr 19 tidlegare i år har Anne Marie Skurtveit bede om at grensa mellom 51/1, 51/9, 51/62 og 51/156 vert retta i matrikkelkartet.

Retting av grenser er berre aktuelt der grensene ikkje tidlegare er bestemt av kommunen ved kart-/oppmålingsforretning og der dei ligg i kartet med unøyaktig kvalitet/ usikre grenser. Slik retting av grenser utan oppmålingsforretning er heimla i matrikkellova §26.

Generell informasjon om/ vilkår for retting av grense:

- Dersom partane det gjeld er samde om kvar grensa går og dei kan dokumentera desse med skyldskifte, jordskifte eller liknande og teikna dei inn på kart så nøyaktig som råd, kan kommunen retta grensene i matrikkelkartet.
- Dersom partane har ulike påstandar kan kommunen ikkje gjennomføra rettinga eller grensa kan verta lagt inn som omtvista grense, dvs fleir aktuelle bruksnummer på same areal.
- Dersom retting av grense ikkje fører fram, kan partane rekvirera oppmålingsforretning/påvising av grensa enten hjå kommunen eller hjå jordskifteverket. Dersom partane ikkje er samde, er grensepåvising ved jordskifteretten den einaste måten å få grensa nøyaktig avklart på, eventuelt nymerka og målt på ettrviseleg måte. Slike forretningar må betalast av rekvirent.

Ein gjer merksam på at retting av matrikkelgrense ikkje fører til endring av status til grensa. Grensa vert framleis liggjande som «usikker» grense i kartet, men eigedomen sin storleik og plassering vil forhåpentlegvis vera meir rett enntidlegare. Flytting av grensa i kartet endrar heller ikkje på grensa i terrenget. Det er framleis skyldskifte og merka i marka som gjeld.

Denne rettesaka gjeld:

Anne Marie Skurtveit viser til at arealet nord for 51/62 skal høyra til 51/9 og ikkje til 51/1 som matrikkelkartet viser. Grensa mellom 51/1 og 51/9 skal følgja steingarden, ifølgje Skurtveit.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Skyldskiftet for 51/62 stadfester dette. Her er det vist til at 51/62 skal grensa til bnr 30. 51/62 vart frådelt i 1959 frå bnr 1 og fekk då tildelt bnr 87 i Herdla kommune. I samband med kommunesamanslåinga i 1964 fekk denne eigedomen gnr 51 bnr 62, medan bnr 30 fekk gnr 51 bnr 9.

Kommunen har laga til framlegg til nye grenser mellom desse eigedomane, stipla med raud strek på vedlagte kart. Vi har brukt skylddelingsmål for å rekonstruera og retta grensene til 51/62. Her er det tatt utgangspunkt i innmålt steingard i nordaustre hjørne av 51/62. Det er også målt inn nokre gamle gjerdestolpar som vi meiner står i grensa mellom 51/62 og 51/9. Grensa mot kommunevegen, 51/156, er også retta opp.

Dersom de ikkje er samde i at denne rettinga vert utført i samsvar med den raudstipla grensa på vedlagt kart, bed vi om at de kjem med **skriftleg tilbakemelding innan 01.12.2017.**

Kommunen vil retta grensene i samsvar med framlegget, dersom det ikkje kjem merknader innan fristen.

Med helsing

Per Atle Sæle
avdelingsingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:
51_9retting

Mottakere:

Anne Marie Skurtveit	Landsvik 75 A	5917	ROSSLAND
Erling Tryggve Landsvik	Øvre Lyngbø 41	5164	LAKSEVÅG
Konrad Langeland	Dæliveien 5	1356	BEKKESTUA
Meland kommune	Postboks 79	5906	FREKHAUG